



Jobbnorge-ID: 98378
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Ledig vikariat som avdelingsingeniør (Mrk. 51-13)

Ved Havforskningsinstituttet er det ledig eit vikariat som 1085 avdelingsingeniør i tidsperioden 01.01.2014 - 31.10.2014 med mogelegheit for forlenging. Vikariatet er plassert i faggruppe Fiskeridynamikk med p.t. arbeidsstad i Bergen, men arbeidsstad ved andre av instituttets sine avdelingar kan bli vurdert i det enkelte tilfelle.

Arbeidsoppgåver vil vere fiskeribiologisk prøvetaking, toktarbeid, opparbeiding av biologiske prøvar, systematisering, samanstilling og kvalitetsikring, slutthandsaming, lettare analysearbeid, rapportering og tilrettelegging av data/resultat for prosjektleiinga. Det må reknast med minst 50 toktdøgn, også på fiskefartøy. Arbeidet vil også bli knytta til databasar og anna EDB-relatert arbeid innanfor faggruppa sitt fagfelt.

Søkar bør ha fiskarfagskule eller fagrelevant utdanning på høgskulenivå. Relevant arbeidserfaring kan oppvege mangel på formell utdanning. Erfaring frå fiskerinæringa er ønskjeleg. Spesiell interesse for fiskeri og fagområdet (kombinasjonen EDB/statistikk/biologi) vil bli vektlagt.

Vi tilbyr eit utfordrande og skapande arbeidsmiljø i eit nasjonalt institutt med mykje internasjonal kontakt, godt arbeidsmiljø, fleksibel arbeidstid og gode pensjonsordningar og velferdstilbod.

Stillinga som 1085 avdelingsingeniør blir løna etter Statens lønnsregulativ. Ved arbeid på tokt vert det utbetalt tokttillegg og avspasering i form av fritid etter gjeldande toktavtale.

Spørsmål om stillinga kan rettast til faggruppeleiar Jon Helge Vølstad (55 23 85 00 (8411)/ e-post: jonhelge@imr.no) eller prosjektleiar Kjell Nedreaas (55 23 85 00 (8671)/ e-post: kjell.nedreaas@imr.no).

Havforskningsinstituttet er ei IA-verksemd som er oppteken av mangfald og oppmodar alle kvalifiserte kandidatar til å søkja stillinga

Ein gjer merksam på at opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren oppmodar om ikkje å bli ført opp på søkjarlista. Søkjaren vil bli orientert om dette i forkant.

Søknad skal sendast elektronisk via lenk på denne sida med CV, relevante attestar og vitnemål.

Søknadsfrist: 8.12.13

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: